



SLUTTRAPPORT FRÅ PROSJEKT SMÅSKALA KRAFTVERK

Prosjektperiode: 01.10.2008 – 30.09.2011



Strupen Kraftverk, Norddalsfjorden i Flora

Innhold

1. Samandrag	2
2. Prosjektetablering og prosjektgjennomføring	2
3. Prosjekt mål	3
4. Verdiskapingspotensialet i småkraftnæringa.....	3
5. Styringsgruppa.....	4
6. Konkretisering av arbeidsoppgåver og plan for prosjektet.....	4
7. Lanseringsperioden for prosjektet	5
8. Rådgjeving til grunneigarar og småkraftinformasjon i ulike samanhengar	6
9. Val av utbyggingsmodell og avtaleverk for småkraftutbygging	8
10. Konesjonssøknader og konsesjonsprosessen.....	9
11. Profilering av prosjektet og kontaktaktivitet mot andre enn fallrettseigarane	9
12. Delmålet om engasjement i fylkesvise planar for småkraftverk.....	10
13. Delmålet om engasjement i arbeidet med tilstrekkeleg nettkapasitet	11
14. Elsertifikat.....	12
15. Andre saker i styringsgruppa har hatt fokus på	13
16. Resultat av prosjektet.....	14
17. Prosjektregneskapen	15
18. Status ved prosjektslutt 30. september 2011	15

1. Samandrag

Gjennom den 3-årige prosjektperioden har prosjekt småskala kraftverk hatt omfattande aktivitet retta mot prosjekt målet om å stimulere til miljøforsvarleg utbygging av småskala kraftverk med vekt på lokalt eigarskap og lokal verdiskaping. Det har vore arbeidd med heile spekteret av fagtema og utfordringar for småkraftutbygging, med innsats som dekker alle dei fem delmåla som var sett opp i prosjektplanen. 199 lokale småkraftsatsingar der ca. 1.200 fallrettseigarar deltar, har fått råd og rettleiing frå prosjektet. I tillegg har prosjektet nådd fram med informasjon til minst 1.300 grunneigarar gjennom i alt 35 småkraftforedrag i mange ulike fora. Prosjektet har vidare hatt ei brei kontaktflate mot aktuelle private og offentlege aktørar knytte til småkraftnæringa.

2. Prosjektetablering og prosjektgjennomføring

Det 3-årige prosjektet ”Småskala kraftverk – næringsveg i bygdene på Vestlandet” vart starta opp 1. oktober 2008 med Terje Engvik som prosjektleiar, etter at prosjektet var ferdig finansiert gjennom vedtak i Innovasjon Norge, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylke i perioden mars – mai 2008. Prosjektet har vore eit samarbeidstiltak mellom Norges Bondelag, Hordaland Bondelag, Sogn og Fjordane Bondelag og Møre og Romsdal Bondelag. I prosjektplanen og i samband med finansieringa vart det lag til grunn at grunneigarretta innsats i prosjektet skulle skje i samarbeid og samordning med tilsvarende aktivitet i Småkraftforeninga. Kjerneområdet for prosjektarbeidet har vore dei 3 Vestlands-fylka, som til saman disponerer 45% av dei samla småkraftressursane i landet. Men prosjektet fekk tidleg førespurnader om rettleiing også frå andre delar av landet. Så langt kapasiteten har tillate det, har det vore opna for arbeidsinnsats for prosjekt målet også i andre landsdelar. Ikkje minst i Nord-Norge har det vore konstatert trong for

informasjonsarbeid mot fallrettseigarane. I siste halvdel av prosjektperioden har førespurnadene frå grunneigarane i større grad kome frå andre landsdelar enn Vestlandet. Dette uttrykker nok aukande interesse frå dei andre landsdelane, men er truleg også eit uttrykk for at vidare småkraftutbygging har vore sett på vent over store delar av Vestlandet som følge av mangel på nettkapasitet og ventetider på nye linjer.

3. Prosjekt mål

Prosjektplanen inneheldt eit hovudmål og fem delmål:

- Hovudmål:* Å stimulere til og sikre ei miljøforsvarleg utbygging av mini-, mikro- og småkraftverk med vekt på lokalt eigarskap og verdiskaping med basis i garden og bygda sitt resursgrunnlag.
- Delmål 1:* Sikre at mest mogleg av verdiskapinga vert verande på lokale hender.
- Delmål 2:* Sikre god kvalitet på planar og konsesjonssøknader som vert sendt NVE.
- Delmål 3:* Sikre at innhaldet i fylkesvise planar for småkraftverk legg til rette for ei utbygging med lokalt eigarskap.
- Delmål 4:* Sikre ei forsterking og utbygging av lokalt og regionalt nett, der dette er til **hinder for vidare etablering av småkraftverk.**
- Delmål 5:* Legge til rette for møteplassar mellom offentlege og private aktørar.

4. Verdiskapingspotensialet i småkraftnæringa

Prosjektet har vore retta mot innsats for å få realisert småkraftutbyggingar med størst mogleg grad av lokal verdiskaping. Småkraftressursane representerer eit stort potensial for lokal næringsaktivitet og verdiskaping på bygdene, både direkte for fallrettseigarar og kraftverkseigarar og indirekte gjennom ringverknadene av arbeidet med planlegging og bygging av småkraftverka. Både kommunane og lokalt næringsliv dreg nytte av desse ringverknadene. I tillegg til den høge næringsaktiviteten under utbyggingsperioden, skaper småkraftnæringa både direkte og indirekte varige arbeidsplassar på bygdene og genererer kapital som kan investerast i både tradisjonell landbruksverksemd og nye næringsaktivitetar.

Utførte registreringar av Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) frå 2004 viser eit mogleg potensial på heile 25 TWh for utbygging til ein kostnad opp til 5 kroner pr. KWh, fordelt på nesten 10.000 fall. I tillegg kjem 7 TWh småkraft i fall som ligg i samla plan. Etter at ny energilov frå 1991 gjorde moderne småkraftnæring med sal av krafta inn på nettet mogleg, er det bygd ut vel 3 TWh småkraft. Såleis er det enno småkraftressursar på opp mot 30 TWh som ikkje er i produksjon. Med ein kraftpris på 40 øre pr. KWh representerer dette eit årleg straumal på 12 milliardar kroner og eit mogleg investeringsvolum på kring mot 100 milliardar kroner. For nye småkraftverk vil inntektene frå elsertifikatordninga som skal trå i kraft frå 2012 komme i tillegg. Potensialet som finst i sideelver til verna vassdrag er heller ikkje inkludert. Av potensialet på snautt 30 TWh ny småkraft, er ca. 10 TWh i konsesjonssøknader eller under utbygging. Sjølv om faktisk utbygging vil liggje lågare enn potensialet ut frå miljøomsyn og andre faktorar, illustrerer tala det store verdiskapingspotensialet i næringa.

5. Styringsgruppa

Styringsgruppa for prosjektet konstituerte seg kort tid etter prosjektstart med fagsjef Cesilie Aurbakken frå Norges Bondelag som styringsgruppeleiar og kraftverkseigar Jørgen Holte frå Møre og Romsdal Bondelag som nestleiar. I tillegg var Bjørn Harald Haugsvær frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og dagleg leiar Bjørn Lauritzen frå Småkraftforeninga oppnemnde som medlemmer av styringsgruppa. Assisterande næringspolitisk sjef Astrid Solberg erstatta hausten 2010 Cesilie Aurbakken frå Norges Bondelag som styringsgruppeleiar. Bjørn Lauritzen frå Småkraftforeninga fungerte som medlem av styringsgruppa inntil han slutta som dagleg leiar i Småkraftforeninga 1. september 2010. Småkraftforeninga meldte då frå om at dei ikkje hadde ressursar til å delta i styringsgruppa lenger. Samla har styringsgruppa hatt 10 møte og handsama 70 saker. To møte har vore kombinert med kraftverksynfaringar – i Volda i Møre og Romsdal og i Gloppen i Sogn og Fjordane. Eit styringsgruppemøte har vore kopla med kontaktmøte med politisk leiing i Olje- og Energidepartementet. Møtet i Gloppen var dessutan kombinert med kontaktmøte med ordføraren og ulike representantar for småkraftnæringa i kommunen.

6. Konkretisering av arbeidsoppgåver og plan for prosjektet

Styringsgruppa gjekk tidleg i prosjektet gjennom delmåla, konkretiserte arbeidsoppgåvene og vedtok ein arbeidsplan for prosjektet. I denne drøfta ein også tilhøvet til ordinære konsulentar som leverer tenester til fallrettseigarar og småkraftnæringa. Konklusjonen var at prosjektet ikkje skulle opptre som nokon konkurrent til konsulentar, men gjennom kompetansehevande arbeid gjerne hjelpe fallrettseigarane til å ta dei beste avgjerdene om val av modellar og leverandørar og kanskje få redusert volumet konsulenttimar som må kjøpast i samband med eit småkraftprosjekt. Som følge av at utviklinga i småkraftnæringa hadde gått raskt etter at utforminga av prosjektplanen tok til, fann styringsgruppa det rett å ta ein gjennomgang av delmåla med drøftinga av konkretisering og vektlegging:

- Delmål 1:* Arbeid for sikring av mest mogleg av *verdiskapinga på lokale hender* representerte på mange vis hovudinnsatsområdet i prosjektet, med konkret informasjon i mange former ut til fallrettseigarane om fallrettar, grunneigarorganisering utbyggingsalternativ som gir lokal verdiskaping og heile prosessen med realisering av småkraftverk.
- Delmål 2:* Det konkrete målet om å *sikre god kvalitet på planar og konsesjonssøknader* som vert sendt NVE hadde etter kvart fått mindre konkret relevans. Krava til utforming av konsesjonssøknadene har vorte så krevjande at det som regel må nyttast profesjonelle konsulentar til utarbeiding. Men prosjektet har hatt ei viktig oppgåve med å gi fallrettseigarar råd om ulike val i prosessen med utarbeiding av planar og konsesjonssøknad og informere om verdien som ligg i at grunneigarane sjølve kan ha styringa av arbeidet med konsesjonssøknaden.
- Delmål 3:* Ved prosjektstart var status for *fylkesdelplanar for småkraft* at Hordaland var langt kome i planarbeidet, og Sogn og Fjordane var i gong. Møre og Romsdal hadde vald å ikkje utarbeide fylkesdelplan. Gjennom prosjektperioden har det vore prosessar med planarbeid i Nordland, Nord-Trøndelag og Rogaland. Styringsgruppa såg det som ei viktig arbeidsoppgåve for prosjektet å arbeide for å sikre at innhaldet i

fylkesvise planar for småkraftverk legg til rette for utbyggingar med lokalt eigarskap og positive verknader for lokal verdiskaping.

Delmål 4: *Flaskehalsar i linjenettet* på ulike nettnivå er ein faktor som mange plassar har hindra vidare, positiv utvikling i småkraftnæringa. Arbeid for forsterking og utbygging av nettet er ei viktig oppgåve. Utfordringa er todelt: Både sentral nettpolitikk og struktur, haldningar og praksis blant energiverka kan representere hindringar for gode nettløysingar for småkraftnæringa. Arbeid for å få fram gode døme på lokale nett-løysingar, arbeid for å få småkraftpotensialet med i lokale nettplanar og generelt informasjonsarbeid mot nettselskapa var aktuelle oppgåver.

Delmål 5: Småkraftmessa/ Småkraftdagane i regi av Småkraftforeninga var etablert som den årlege, tunge møteplassen for all aktørar i småkraftnæringa. Det var ikkje aktuelt for prosjektet å arrangere noko alternativ til dette. I ein del viktige geografiar for småkraftnæringa såg det også ut til at marknaden i stor grad var dekkja gjennom tidlegare møte i ulike regiar for heilt generelle informasjon om mulegheiter i småkraftnæringa. Derimot såg ein trong for meir spissa informasjonsverksemd. Det var lagt opp til at prosjektet skulle engasjere seg i *alle typar informasjonsmøte*, både eigen og i andre sin regi. Bondelaget sine ordinære møteplassar var viktige for å få ut informasjon om prosjektet, og møteverksemda skulle koordinerast med Småkraftforeninga sine møte og andre bransjemøte.

7. Lanseringsperioden for prosjektet

I oppstartmånadene vart det lagt vekt på arbeid med lansering, profilering og marknadsføring av prosjektet og dei tenestene prosjektet kan tilby fallrettseigarane. Dette skjedde gjennom deltaking på mange arrangement i bondelagsregi og andre relevante fagarrangement, nettlansering på Bondelaget sine nettsider sentralt og i Vestlands-fylka og kontakt mot offentlege og private bransjeaktørar, fallrettseigarar og småkraftverk i drift. I lanseringsfasen fekk prosjektet god mediedekking i Nationen, Bondebladet og lokalaviser på Vestlandet.

Gjennom ulike kontaktmøte med NVE, jordskifterettane, andre offentlege etatar og organisasjonar engasjert i småkraftspørsmål, vare- og tenesteleverandørar til småkraftnæringa, finansieringsinstitusjonar og nettselskap fekk prosjektleiaren gitt informasjon om tilboda frå prosjektet og gitt innspel om fallrettseigarane sine interesser. Samstundes mottok prosjektet verdfull informasjon om dei ulike aktørane si verksemd og strategiar – informasjon som var svært nyttig i rådgjevingsarbeidet mot fallrettseigarane. Det same galdt for kontaktar med grunneigarar som hadde vore pionerar i småkraftutbygginga og gjort mange verdfulle røynsler om småkraftrealisering.

Tilbakemeldinga frå media, grunneigarinteresser, offentlege organ og bransjeleverandørar i prosjektlanseringsperioden tyda på at prosjektsatsinga til Bondelaget vart godt motteken av omverda. Samstundes peika fleire på det prosjekteigarane sjølv er klar over, nemleg at det hadde vore ein fordel om prosjektet kunne ha kome i gong noko tidlegare i utviklingsfasen for småkraftbransjen.

8. Rådgjeving til grunneigarar og småkraftinformasjon i ulike samanhengar

Prosjektet fekk mange førespurnader om alle typar småkraftspørsmål etter at prosjektet vart gjort kjent i media. Gjennom prosjektperioden har det vore ein jamn straum av førespurnader inn til prosjektet. Det er tydeleg registrert ei oppblomstring av interessa for råd frå prosjektet kvar gong prosjektet eller viktige småkraftsaker har vore profilerte i media. Heile spekteret av ulike typar småkraftspørsmål har kome inn til prosjektet, og alle typar storleikar og eigarkombinasjonar har vendt seg til prosjektleiaren, frå dei minste mikrokraftverk med berre ein fallrettseigar, til grunneigarstyrte prosjekt som er så store at dei går ut over den definerte grensa for dei største småkraftverka på 10 MW. Det var likevel *to hovudgrupper av fallrettseigarar* som markerte seg mot prosjektet i perioden etter prosjektlanseringa:

- a) Fallrettseigarar til mikro- og minikraftprosjekt som ikkje hadde kartlagt prosjekta sine og ikkje vore store nok til å oppnå interesse frå ulike typar utbyggingssselskap.
- b) Større og gode småkraftprosjekt med fleire eigarar, med eller utan ein utbyggingspartner, der prosessen var komen i gong, men der han hadde stoppa opp grunna usemje om løysingar eller vegen vidare. Fleire av desse hadde trong for ein nøytral, utanforståande partner for å hjelpe til med å komme vidare.

Elles kan *typen problemstillingar* frå grunneigarar som tok kontakt med prosjektet delast inn i desse hovudkategoriane:

- a) Spørsmål om mulegheita for å kunne nytte ut eit vassdrag til kraftproduksjon
- b) Spørsmål om fallrettar og grunneigarrettar
- c) Spørsmål om organisering av grunneigarane
- d) Spørsmål om utbygging med eller utan ein profesjonell partner
- e) Spørsmål om økonomi, finansiering, risiko og eigenkapitalkrav
- f) Spørsmål om straumsal og elsertifikat
- g) Spørsmål om selskapsorganisering
- h) Spørsmål relatert til nettilknytning og eige bruk av produsert straum
- i) Spørsmål om rammevilkår for småkraftnæringa, som skattespørsmål og konsesjonskø

Som venta dekte også *utgangspunktet til dei grunneigarane som tek kontakt med prosjektet* eit vidt spekter – frå dei som kunne mykje om energibransjen og småkraftfag til grunneigarar som hadde ein fallressurs, men så langt ikkje hadde prioritert å setje seg inn i om denne kunne nyttast til verdiskaping. Det var også stor skilnad på grunneigarane sitt utgangspunkt for å utvikle kunnskapen om småkraftbygging og -drift. Dei fleste hadde tilgong til internett og kune visast til faginformatjon som ligg tilgjengeleg på mange ulike nettstader. Men ein del av dei som har vendt seg til prosjektet, har ikkje teke i bruk IT-teknologien. For desse var det med dei informasjons- og kommunikasjonsløyser som er dominerande i dag, langt meir krevjande å handtere utvikling av eit småkraftprosjekt. Rådgjevinga til denne kategorien fallrettseigarar har også vore meir ressurskrevjande.

Eit heilt sentralt tema for lokal verdiskaping er *utbyggings- og eigarform for kraftprosjektet*. Prosjekt småskala kraftverk har oppmoda fallrettseigarane om å køyre grundige prosessar med analyse og vurdering av alternativa før ein tek avgjerd om korleis kraftverket skal eigast og drivast.

Det er viktig at alle fallrettseigarane får høve til å vere med i denne prosessen. Prosjektet har rådd grunneigarane til å satse på kraftverksutbygging i eigen regi når tilhøva ligg til rette for dette. Når grunneigarane har funne det rett å gå i kompaniskap med ein ekstern partner, har prosjektet lagt vekt på at det bør innhentast tilbod frå fleire tilbydarar, og at ein må søkje å oppnå eit slikt avtaleinnhald at grunneigarane får forsvarlege fallrettsleigeinntekter. Eit anna viktig avtaleelement er reguleringa av kva som skal skje med kraftverket etter avtaleperioden, som oftast er på 40 år. Avtalevilkår som gir fallrettseigarane høve til å overta kraftverket etter avslutta avtaleperiode vil sikre ressursgrunnlaget for garden. Mellømløysingar der fallrettseigarane eig kraftverket i lag med ein profesjonell partner kan ofte vere eit alternativ til rein utleige av fallretten.

Det har vore gitt svar og råd til alle grunneigarar som har vendt seg til prosjektet. Men generell informasjon og rådgjeving har vore prioritert. Prosjektet har i avgrensa grad kunne gå inn i detaljert engasjement i enkeltsaker. Konsulentar må som regel inn i småkraftplanlegginga, og det har ofte vore ei oppgåve å vise grunneigarane vidare til kva type konsulentar eller faginstansar som best kunne dekke trongen deira for assistanse. Informasjonsarbeidet har vore innretta slik at fallrettseigarane skal få det beste grunnlaget for å ta rette avgjerder om val av løysingar, leverandørar og samarbeidspartnarar. Prosjektet har søkt å prioritere arbeidsinnsatsen slik at nytta for fallrettseigarane generelt skulle bli best mogleg.

Gjennom prosjektperioden har prosjektleiaren fått *førespurnader om rådgjeving* og følgd opp med informasjon og råd til i alt 199 småkraftprosjekt. Talet grunneigarar som deltek i kvart prosjekt varierer frå 1 til fleire titals grunneigarar. Legg vi til grunn eit nytta gjennomsnittstal på 6 grunneigarar pr. småkraftanlegg, har Prosjekt småskala kraftverk nådd ut til ca. 1.200 fallrettseigarar med direkte rådgjeving. Av dei 199 rådgjevingsprosjekta har det vore møte og/ eller synfaring ute hjå grunneigarane i samband med 27 prosjekt, medan kontakten med dei resterande 172 har skjedd pr. telefon/ e-post/ post. For enkelte av prosjekta har det vore eingongsførespurnader, medan andre har strekt seg over tid gjennom planleggingsprosessen til grunneigarane. Rådgjevingsprosjekta fordeler seg slik på dei ulike geografiane:

Sogn og Fjordane:	80	40%
Hordaland	36	18%
Møre og Romsdal	25	13%
Landet elles	58	29%
Sum	199	100%

Tidleg i prosjektet var etterspurnaden klart høgast frå Sogn og Fjordane. 58% av førespurnadene kom frå dette fylket i sum for oppstartåret og fram til utgangen av 2009. Dette hadde sikkert fleire grunnar: Fylket er størst når det gjeld småkraftressursar, kontoret er lokalisert til fylket og prosjektleiaren var godt kjent i fylket frå før. Etter kvart som prosjektet vart innkøyrd og marknadsført, har etterspurnaden etter informasjon aka utanom Vestlandet. Ikkje minst i Nord-Norge er det konstatert stor trong for rådgjevingsinnsats. I 2011 har over halvparten av førespurnadene kome frå andre fylke enn dei tre vestlandsfylka. Mangel på tilgjengeleg kraftnett for å løyse ut meir småkraft over store delar av Vestlandet har sikkert også dempa interessa for nye prosjekt på Vestlandet.

Dei faglege engasjementa utanom direkte grunneigarrådgeving har endå større geografisk spreing enn oppfølginga av grunneigarar som har vendt seg direkte til prosjektet. Blant dei viktigaste tiltaka i denne gruppa engasjement har vore fagforedrag om småkrafttema på ulike seminar og møte. Prosjektleiaren har delteke med faginnlegg/ foredrag på i alt 35 slike møte eller seminar. Desse har vore i bondelagsregi, i samarbeid med Småkraftforeninga eller i regi av andre aktørar. Stipulert tal grunneigarar som har fått småkraftinformasjon frå prosjektet på desse arrangementa er ca. 1.300. I tillegg har prosjektleiaren deltatt med faglege innspel og innlegg i debattar på mange andre fagmøte.

I løpet av prosjektet har prosjektleiaren vore engasjert i ulike oppdrag og tiltak i nesten alle fylke i landet. I tillegg til direkte rådgeving og grunneigarinformasjon på møte har prosjektet drive grunneigarretta informasjon i form av nettsideinnslag, artiklar og info-skriv.

9. Val av utbyggingsmodell og avtaleverk for småkraftutbygging

Dei aller fleste aktuelle utbyggingar av småskala kraftverk omfattar meir enn ein fallrettseigar. I rådgevingsarbeidet mot grunneigarar har difor lovreglar om fallrettar, samarbeidsopplegg og samarbeidsformer mellom grunneigarane stått sentralt. Avtaleverk for utleige av fallrettar har også vore eit sentralt tema når fallrettseigarar har vendt seg til prosjektet.

Organisasjonar i landbruket og Småkraftforeninga har tidlegare utarbeidd fleire sett med standardavtalar til bruk for grunneigarar som skal byggje ut småkraftprosjekt. Desse er tilgjengelege m.a. på organisasjonane sine nettsider. I tillegg har Norges Bondelag fått utarbeidd eit sett med samarbeidsavtaler berekna på situasjonar der grunneigarane bygger ut i lag med eit energiverk. Prosjektet har hatt ein gjennomgang av avtalane og vurdert trongen for revisjon og modernisering. Styringsgruppa har konkludert med at det var trong for oppdatering av avtaleverket, med både forenkling og tilpassing til den raske utviklinga som har vore i småkraftnæringa dei seinare åra. Prosjektleiaren har vore sterkt engasjert i arbeid med revisjon og vidareutvikling av fallrettsleigeavtalar. Arbeidet er no i sluttfasen og vil resultere i to standardavtalar. Den eine vil dekke planlegging og utbygging av småkraftverk i rein grunneigarregi. Den andre vil gjelde for utleige av fallrettar til eit utbyggingselskap, enten rein utleige eller utleige i kombinasjon med medeigarskap i kraftverket.

Ut frå hovudmålet om lokal eigarskap og verdiskaping har prosjektleiaren i arbeidet lagt vekt på å peike på mulegheitene for å byggje ut og drive kraftverket i rein grunneigarregi. Mange fallrettseigarar har vald denne modellen, medan andre har landa på ein konklusjon om å leige ut fallrettane, eller samarbeide med ein ekstern, profesjonell partner om utvikling av småkraftverket, med delt eigarskap. Grunngevinga til dei som vel modellane med ein utbyggingspartner, kan vere ynskje om risikoreduksjon, høg utbyggingskostnad, mangel på interesse, tid, kapital eller administrativ kapasitet til å utvikle eige kraftverk, eller samarbeidssituasjonen mellom fallrettseigarane. I informasjonsarbeidet har prosjektet lagt vekt på at fallrettseigarane må finne fram til den modellen som er best i kvart høve, men at det er viktig å innhente informasjon og råd og vurdere alternativa grundig før konklusjonen vert dregen.

Mange utbyggingsselskap driv ei aktiv marknadsføring av tilbod om å leige fallrettar av grunneigarane. Ofte vert grunneigarane utsette for press for å skrive under raskt. Prosjektet har fått mange førespurnader frå fallrettseigarar som har motteke slike tilbod. I informasjonsarbeidet har projektet lagt vekt på mulegheita for eiga utvikling av kraftverket, mulegheita for forhandlingar om vilkår, grundig gjennomgong og kvalitetssikring av alle avtalevilkår og innhenting av konkurrerande tilbod før kontrakt vert skriven. I ein del av avtalane kan det vere vanskeleg å få tilstrekkeleg oversyn over kva fallrettseigaren vil sitje att med i fallrettsleige og korleis verdiskapinga reelt vert fordelt mellom fallrettseigarane lokalt og utbyggaren, som til vanleg held til langt frå bygda der kraftutbygginga skjer. Rådgevinga på denne sektoren har utan tvil resultert i at mange fallrettseigarar har oppnådd utleigeavtalar med større lokal verdiskaping enn det som var utgangspunktet. Med aukande kompetanse blant fallrettseigarane og auka konkurranse mellom utbyggingsselskapa er det også registrert ei utvikling mot at det vert færre heilt useriøse utbyggingstilbydarar i marknaden, og at tilboda til fallrettseigarane generelt har betra seg.

10. Konesjonssøknader og konesjonsprosessen

Som omtalt under styringsgruppa sin innleiande gjennomgong av delmåla i projektet, har krava til konesjonssøknaden utvikla seg slik at dei aller færraste fallrettseigarane kan produsere denne sjølv. Kjøp av konsulenttenester i varierende grad vil vere nødvendig. Informasjonsarbeidet frå projektleiaren har difor ikkje gått så mykje på detaljert plan- og søknadsutforming, men på gode prosessar fram mot innsendt fritaksmelding eller konesjonssøknad. Tilhøvet mellom fallrettseigarane og samarbeidsopplegg og avtalar har vore ein viktig del av dette arbeidet.

I NVE si konesjonsavdeling, som handsamar alle småkraftprosjekt som ikkje er i posisjon til å oppnå konesjonsfritak og bli handsama i kommunane etter plan- og bygningslova, har det vore ei negativ utvikling i sakshandsamingstida gjennom projektperioden. Ved projektstutt ligg 660 konesjonssøknader for vasskraft i kø hjå NVE. I 2010 sette NVE rekord i talet på handsama søknader med ca. 100 saker. Av desse fekk om lag 80% konesjon på faststette vilkår, ikkje minst til minstevassføring. Om lag 20% av dei handsama søknadene fekk avslag. For 2011 er det utsikter til at talet på handsama konesjonssøknader vil bli lågare. Det er registrert at den lange ventetida på handsaming dempar interessa for småkraftutbygging. I forhold til fornybarmåla og elsertifikatorordninga som skal komme frå 2012 er det sterk trong for å få sakene fortare gjennom handsamingsapparatet. Det er registrert signal frå Olje- og energiministeren om å arbeide med denne utfordringa.

11. Profilering av projektet og kontaktaktivitet mot andre enn fallrettseigarane

Medieprofilering og kontaktaktivitet mot ulike typar bransjeaktørar var spesielt viktig tidleg i projektet, då det var viktig å få gjort projektsatsinga kjent. Norges Bondelag har utarbeidd eit NB-informasjonskriv på 4 sider om projektet og småkraft som næringsveg. Dette er distribuert i organisasjonen og mot ei lang rekkje fallrettseigarar, andre organisasjonar, leverandørar og forvaltningsorgan med tilknytning til småkraftnæringa. Med tanke på å nå projektmåla har projektet lagt vekt på å vere synleg i mediebialetet og i småkraftbransjen. Og dei to delmåla om

engasjement i fylkesdelplanar og nettsituasjonen har kravd mykje konkret kontakt med forvaltningsorgan og nettselskap.

Prosjektet har satsa på å vere godt synleg med nyhendeoppslag og fagstoff på nettsidene bondelaget. Vidare har prosjektet fått ein del aktuelle oppslag i sentrale landbruksmedia, fagtidsskrift og i lokalaviser. Både prosjektleiaren og styringsgruppedlemmer har delteke i arbeidet med mediefokusering.

Utanom dei 35 arrangementa med direkte småkraftforedrag har prosjektleiaren til no delteke på i alt 96 andre aktuelle fagseminar, bransjearrangement, bondelagsmøte og småkraftsynfaringar. Vidare har det vore 13 møte med innspel og småkraftinformasjon til politikarar på ulike nivå, 8 møte med energiverk/ nettselskap, 9 møte med offentlege forvaltningsorgan, 2 møte om FoU og 23 møte med leverandørar av varer og tenester til småkraftbransjen. I alt gir dette 186 møte med kontaktar og småkraftinformasjon utanom den direkte rådgjevingsverksemda mot konkrete småkraftanlegg. Gjennom all denne kontaktverksemda har prosjektet arbeidd mot hovudmålet om vektlegging av lokal verdiskaping i samband med småkraftutbygging. Dette har skjedd både ved kompetanseoppbygging og kompetanseoverføring i grunneigarrekkene og ved innsats for å informere ulike aktørar med tilknytning til småkraftnæringa om fallrettseigarane sine interesser og prioriteringar.

I oktober 2011 vart avslutninga av Prosjekt småskala kraftverk og oppstarten av Prosjekt fornybar elproduksjon i landbruket markert på eit energiseminar retta mot tillitsvalde og tilsette i bondelagsorganisasjonen. I det nye prosjektet skal også verdiskaping knytt til vindkraft vere eit viktig tema,

12. Delmålet om engasjement i fylkesvise planar for småkraftverk

Prosjektleiaren har vore involvert i arbeidet med fylkesdelplanar for småkraft/ vasskraft og innspel til planane i Hordaland, Nordland, Nord-Trøndelag og Sogn og Fjordane.

Sett frå småkraftnæringa sin ståstad, er det ei utfordring med det regionale planleggingsarbeidet at Olje- og Energidepartementet sine retningslinjer for fylkesdelplanarbeid einsidig legg vekt på miljøulempere ved småkraftutbygging. Dei positive aspekta ved lokal verdiskaping og produksjon av rein, fornybar energi ligg som eit utgangspunkt. Dette har både i fylkesdelplanar og kommunale planar til dels ført til at planen kan presentere seg som ei lang rekkje motargument mot småkraftutbygging for politikarane som skal vedta planen. Samstundes er småkrafttemaet i avgrensa grad eigna for ei områdevis soneinndeling som gir kartfesting av kor aktuelt det er med vidare småkraftutbygging i sona. Dette skuldast at kvart enkelt prosjekt ofte gir svært små, synlege naturinngrep, og at miljøulempene kan variere sterkt frå prosjekt til prosjekt innan same område. Fyrst ved konsesjonshandsaminga får ein den inngåande, konkrete vurderinga av nytteverknader av prosjektet i forhold til miljøulempene. Ulik vektlegging av desse faktorane og ulik utgangspunkt for planprosessen har ført til at det er store skilnader mellom fylka i oppbygging, vinkling og prioriteringar i småkraftplanane. Prosjektet si rolle har vore å vere med på å gi innspel i samsvar med prosjektet sitt hovudmål om arbeid for å sikre miljøforsvarleg, lokal verdiskaping på grunnlag av småkraftressursane.

13. Delmålet om engasjement i arbeidet med tilstrekkeleg nettkapasitet

Kapasiteten på linjenettet på alle nivå har vore det mest markante hinderet for ei vidare positiv utvikling i småkraftnæringa. Historikken til den moderne småkraftnæringa går tilbake til endringane i energilova av 1991. Som ein biverknad av liberaliseringa av kraftmarknaden vart det mogleg for grunneigarane å byggje ut kraftverk på grunnlag av flomvatnet i vassdraga sine og få selt krafta i marknaden. Frå slutten av 90-talet og framover kom eit aukande tal grunneigareigde småkraftverk i produksjon. Dei fyrst verka fekk plass på 22 kV linjenettet som var bygd ut i alle grender for å forsyne distrikta med elektrisitet. Desse pionerkraftverka hadde som regel ein positiv verknad på kraftbalansen og forsyningssituasjonen lokalt. Men etter kvart som fleire småkraftverk kom til, og større kraftmengder skulle ut av bygda på det nettet som var etablert for å forsyne bygda med elektrisitet, vart nettkapasiteten fort sprengt i distribusjonsnettet.

Situasjonen gjorde det nødvendig med oppgradering av linjenett og transformatorar for å gi plass til fleire produksjonseiningar av småkraft. Men både sentrale rammevilkår og regelverk for nettselskapa og haldningar i ein del nettselskap har gjort det vanskeleg å få gjennomført dei nødvendige nettinvesteringane. Og i ein del høve har belastninga av anleggsbidrag for småkraftutbyggjarane representert så store summer at utbygginga har blitt ulønnsam. Som følgje av at nettdrifta til energiselskapa er monopolverksemdar, vert den nettleiga selskapa får høve til å krevje av kundane, regulerte av NVE gjennom ei inntektsrammeregulering. Utforminga av denne inntektsrammereguleringa for nettselskapa er innretta slik at selskap som ligg i forkant med investeringar for å kunne ta imot aukande mengder ny, fornybar energi, kan risikere å bli straffa økonomisk og kategorisert som "mindre effektive" i økonomisk forstand. Dette reguleringsregimet kan ha medverka til å redusere investeringsnivået i nett for mykje i høve til det som er nødvendig i samband med satsing på ny, fornybar energi.

NVE har dei siste åra gjort visse endringar i reguleringsregimet mot nettselskapa med sikte på å rette opp uheldig regelverk og stimulere til samfunnsmessig ønskjelege nettinvesteringar. Likevel bygger nettpolitikken i hovudsak på etablerte og velkjende ordningar. Det er registrert synspunkt om trong for gjennomgripande endringar i nettpolitikken for å få stimulert til nødvendige investeringar og plassert kostnadene for investering og bruk av nett på ein rettferdig måte i samfunnet. Men korkje politikarar eller den samansette energibransjen sjølv er samde om verkemidlane i ein ny nettpolitikk. Fleire utgreiingar er sette i gong på saksområdet dei siste åra. Frå ein småkraftsynsstad er det viktig med ein nettpolitikk som gjer det mogleg å få realisert nytt, nødvendig nett på ulike nivå. Sett frå småkraftbransjen og frå distrikta som har småkraftressursane, er det trong for ein nettpolitikk som verkar slik at anleggsbidrag for nye småkraftverk ikkje øydelegg økonomien og hindrar utbyggingar. Vidare er det argument for at kostnadene fordelast vidare enn berre til lokale forbrukarar i området som har småkraftressursane. Nettpolitikken er eit komplisert saksfelt. Prosjektet har hatt ei rolle i å formidle informasjon til småkrafteigarane og vere eit bindeledd inn mot netteigarane.

Etter endringar i energilova i 2009 vart det innført generell tilkoplingsplikt for nye produksjonsanlegg. Dette er var utgangspunktet positivt for småkraftnæringa, men hjelpte i realiteten lite når det overordna nettet som skal føre krafta ut, var fullt. Over store delar av

Vestlandet og i fleire andre distrikt har det i praksis vore full stopp dei siste par åra for tilkopling av ny, fornybar energi til nettet inntil nye sentralnettsoverføringar på 420 volt er bygde. Sterkast uttrykt er dette på strekninga Sogndal i Sogn og Fjordane til Ørskog på Sunnmøre. Her er det overordna nettet definert som fullt, og nye småkraftverk kan ikkje koplant til inntil ny linje på strekninga står ferdig. Konesjonssaka for denne linja ligg til ankehandsaming i Olje- og Energidepartementet med venta avgjerd innan utgongen av 2011. Tilkoplingsstansen for eit ukjent tal år har lagt ein kraftig dempar på vidare planlegging og utvikling i næringa. Ein liknande situasjon har ein hatt i Hardanger i Hordaland, der opprustingar i regional- og sentralnettet må til før det vert rom for vesentleg meir småkraft inn på nettet i området. Situasjonen illustrerer at vidare innsats for å nå delmålet i prosjektet om betre nettilgong for småkrafta har vore viktig.

Som følgje av den vanskelege nettsituasjonen for småkraftnæringa har styringsgruppa i prosjektet hatt eit møte med nettdirektøren i Sogn og Fjordane Energi og fått ein gjennomgang av nettstatus, med synspunkt på løysingar og endringar i nettpolitikken.

14. Elsertifikat

Medan nettsituasjonen for småkrafta har lagt ein dempar på interessa for vidare småkraftutbygging, både direkte gjennom mangel på disponibelt nett og indirekte gjennom uvisse for fallrettseigarane og negativ fokusering, har det kome positive nyhende for nye småkraftutbyggarar når det gjeld grøne sertifikat. Etter at saka om grøne sertifikat har versert sidan 2003, vart det gjort ein prinsippavtale med Sverige om ein felles sertifikatmarknad i september 2009. Etter vidare arbeid førte dette til ein underskriven protokoll i desember 2010. Ordninga skal trå i kraft frå 2012. I juni 2011 vedtok Stortinget lov om elsertifikat, og ved prosjektslutt er framlegg til forskrifter ute på høyring. Nye produsentar av ny, fornybar energi får utstedt sertifikat i ein 15 års periode for kraftverk som har kome i drift innan utgongen av 2020. Sertifikata vert omsette i ein marknad, der leverandørar til forbrukarane vert pålagde å kjøpe ei viss mengd sertifikat. Elsertifikata vil gi eit løft i økonomien og gjere det mogleg å byggje ut anlegg som til no ikkje har vore lønsame. Men det ligg ei utfordring i knapp tid fram til fristen i 2020. Med mangel på nett og lang konsesjonskø vil det vere risiko for at ein del prosjekt ikkje vert produksjonsklare innan utgongen av 2020.

I Sverige gjeld det eit anna regelverk enn i Norge for å kome med i ordninga. Kraftanlegg som kjem i produksjon etter 2020 vil i nabolandet få ein avkorta elsertifikatperiode fram til ordninga er ferdig i 2035. Det er venta at tidspresset i Norge kan føre til ventetid på konsulentar og utstyrsleveransar, og at ein vil oppleve prisauke. Etter vedteken elsertifikatlov vil elsertifikata berre gjelde nye anlegg som vert starta opp frå hausten 2009 pluss til ein viss grad mikro- og minikraftverk som har starta opp etter 1. januar 2004. Småkraftverk på over 1 MW installert effekt med oppstart i perioden frå 2004 til hausten 2009 vert ikkje inkludert i sertifikatordninga, slik dei hadde lagt til grunn etter fråsegner frå ulike regjeringar. Det har vore eit viktig informasjonstema i prosjektet å informere fallrettseigarar om status og utvikling for elsertifikata, som er eit vilkår for at ein del av dei dyrare småkraftprosjekta kan byggast ut.

15. Andre saker i styringsgruppa har hatt fokus på

I tillegg til generell prosjektstyring med handsaming av arbeidsplanar og økonomi og dei nemnde sakene knytte til delmåla om fylkesdelplanar og nettilgong, har styringsgruppa for prosjektet handsama enkelte andre viktige tema for småkraftnæringa, med relevans til prosjektarbeidet.

- Handsaming av fallrettsavtalar i kommunane etter jord- og konsesjonslovgjevinga*

Prosjektet har fått innspel på og hatt fokus på handsaminga i kommunane av fallrettsavtalar etter jord- og konsesjonslovgjevinga som ein styringsreiskap for forvaltninga småkraftressursen i landbruket. Alle fallrettar som skal leigast ut frå garden for ein periode på meir enn 10 år skal handsamast etter § 12 i jordlova og etter konsesjonslovgjevinga. Prosjektet har konstatert at praksisen mellom kommunane er svært ulik. Når sjølve småkraftkonsesjonen vert handsama i NVE, ser det ut til at mange kommunar tar handsaminga på kommunalt nivå skjematisk. Men det er konstatert at enkelte kommunar har nytta lovgjevinga medvite som styringsreiskap for næringsaktiviteten og ressursforvaltninga i landbruket. Prosjektet har følgd utviklinga på dette området og gitt informasjon om temaet.
- Småkraftutbygging i verna vassdrag og i tilknytning til andre verneområde*

Stortinget har opna for skånsam utbygging av småkraft i verna vassdrag. Men det gjeld sterke avgrensingar for storleik på kraftverket og graden av utnytting av tilgjengelege vassressursar. Dette har ført til at mange slike potensielle anlegg vert ulønnsame eller bygd slik at dei produserer langt mindre kraft enn det som ville ha vore situasjonen utan vern. Verneplanane for vassdrag var i stor grad vedtekne av Stortinget før småkraftnæringa starta opp. Utbygging av småskala kraftverk i sideelvene var ikkje påtenkt i samband med verneplanane, som ikkje minst skulle verne attståande vassdrag mot store kraftutbyggingar med reguleringar. Prosjektet har registrert at mange grunneigarar og kommunar har vore frustrerte over regelverket og gjeldande forvaltningspraksis. Denne har ført til at mange meiner dei går glipp av stor, lokal verdiskaping som følgje av vernet. Dei har hevda at langt meir småkraft kunne byggjast ut utan at det gjekk ut over hovudføremålet med vassdragsvernet i særleg grad. Same problemstillinga har vore presentert for vassinntak til småkraft innanfor vernegrensa til ulike verneområde, t.d. landskapsvernområde. Mange fallrettseigarar har etterlyst meir fleksibilitet på dette området. Prosjektleiaren har motteke mange innspel om situasjonen i verna vassdrag og andre verneområde og informert vidare til styringsgruppa. Samstundes har det vore konstatert at det er sterke motkrefter frå miljøvernhalda mot slike utbyggingar, og at saka ser ut til å høyre heime på høgt politisk nivå viss det skal etablerast meir fleksibilitet for småkraftutbygging. Og dei lange køane for konsesjonshandsaming i NVE har ikkje gjort saka enklare for prosjekt i verna vassdrag. I NVE sine retningsliner heiter det at mellom anna slike prosjekt skal nedprioriterast i køen. Prosjektleiaren har drive informasjonsarbeid om status og regelverk for småkraft i verna vassdrag.
- Skattlegging av småkraftverk*

Mange fallrettseigarar og småkrafteigarar har vendt seg til prosjektet med innspel om at sider ved skatteregimet motarbeider andre offentlege målsetjingar om satsing på ny, fornybar energi. Dette har i fyrste rekkje gått på *grunnrenteskatten*, som fører til at potensialet ikkje vert nytta ut ved småkraftutbyggingar. Men eit innslagspunkt på ca. 5 MW installert effekt for grunnrenteskatten har det omtrent ikkje vore bygd ut småkraftverk på mellom 5 og 10 MW. I

tillegg har det kome innspel om at grunnrenteskatten vert utrekna på grunnlag av spotpris og ikkje på grunnlag av faktiske inntekter, slik at skattlegginga i enkelte uheldige tilfelle kan føre til over hundre prosent skatt av inntekta.

Prinsipp og berekningsmetodar for *eigedomsskatt* kan også slå negativt ut for småkraftverk. Småkraftutbyggarar har rapportert om at jo meir dei investerer for å ta miljøomsyn ved utbygginga, jo høgare vert eigedomsskattegrunnlaget, samstundes som inntekta og skatteevna vert redusert ved auka investeringskostnader. Dessutan har skattlegginga teke til før anlegget har kome i produksjon og generert inntekter. Det kan sjå ut til at det er trong for endringar i skatteregimet for småkraftverk om ein ynskjer å stimulere til betre utnytting av ressurspotensialet.

Prosjektet har vidare fått melding frå fallrettseigarar om at regelverket for førehandsregistrering i mva-registeret skaper problem for kostnader knytte til planlegging. For det fyrste vert det opplyst at førehandsregistrering ikkje vert godkjent før konsesjonen formelt er gitt, utan omsyn til konkret vurdering av prosjektet. I tillegg gjeld det ein 3 års grense for tilbakeverkande kraft for mva-frådrag for kostnader. Som følge av dei lange ventetidene på konsesjonshandsaming, vert konsekvensen av dette at planlegginga vert dyrare for fallrettseigarane, fordi dei ikkje får frådrag for mva-kostnader.

Vidare arbeid med desse skattemessige problemstillingane må bli ei sak for organisasjonane som arbeider for småkraftnæringa og fallrettseigarane sine interesser.

4. *Kompetansekrav til fallrettseigarar og småkraftverk*

Styringsgruppa har registrert at gjennom prosjektperioden har krava både til presisjonsnivå og dokumentasjon i samband med småkraftsøknader auka. Tilsvarande har krava til profesjonell drift og dokumentasjon av oppfylling av miljøkrav til småkraftverk i drift auka. Fleire småkraftverk i drift med kraftleveransar inn på nettet har også ført til sterkare fokus på profesjonell teknisk drift og vedlikehald av småkraftverka. Prosjektleiaren har formidla informasjon til fallrettseigarar om utviklinga i krav knytte til konsesjonssøknaden og i meir avgrensa omfang om spørsmål knytte til drift. Styringsgruppa har konstatert at det er trong for vidare kompetanseoppbygging og informasjon også knytt til drift og vedlikehald av småkraftverk.

16. Resultat av prosjektet

I planen for prosjekt småskala kraftverk var følgjande punkt sette opp som ynskte resultat av prosjektet og status ved slutten av prosjektarbeidet:

- Auka medvit rundt verdien av eigne vassressursar og eit godt grunnlag for å ta gode avgjerder
- Bønder og grunneigarar har framleis råderett over ressursane, eller gode avtaler med kjøparar eller medeigarar
- Garden og lokalsamfunnet er sikra verdiskapinga frå vassressursane
- Det er laga gode planar som tek omsyn til både økonomi og miljø

- Det lokale og regionale kraftnettverket er styrka og er i mindre grad ein flaskehals for etablering av småskala kraftverk.
- Dialogen og samarbeidet mellom politikarar, grunneigarar/ utbyggjarar og forvaltninga er styrka

Som gjennomgangen av mål, delmål og arbeidsinnsats ovanfor syner, har prosjektet utan tvil medverka til ei utvikling i rett retning for alle desse seks resultatpunkta. Men dette gjeld for dei fallrettseigarane og småkraftprosjekta som prosjektet har nådd fram til med informasjon og rådgjeving. Det er grunn til å rekne med at mange fleire fallrettseigarar og småkraftprosjekt hadde hatt trong for innspel som kunne ha styrkt prosessane og prosjekta deira, men at prosjektet ikkje har nådd fram til dei i løpet av tre års perioden.

I prosjektplanen er det vidare peika på *aktuelle samarbeidspartnarar i prosjektet*:

Småkraftforeininga, NVE, energiselskapa, fylkeskommunar og kommunar, fylkesmenn og miljø-og naturvernorganisasjonar. Prosjektet har hatt utstrekt kontakt med alle desse aktørane – og aller mest med Småkraftforeininga og energiselskap. I tillegg til dei som var nemnd til prosjektplanen, har det også vore samarbeid med mange andre bransjeaktørar.

17. Prosjektrekneskapen

Prosjektrekneskapen for det treårige prosjekt Småkraft som næringsveg er gjort opp i balanse med ein totalkostnad på kr. 2.852.176,34 – om lag som budsjettert.

18. Status ved prosjektslutt 30. september 2011

Ved utgangen av prosjektperioden er det stadig ein jamn straum av førespurnader frå fallrettseigarar om rådgjeving. Ikkje minst vedtaka om elsertifikatordninga gjennom 2010 og 2011 har på ny auka interessa for vidare planlegging og utnytting av fallressursane. Det nye, 2- årige prosjektet i regi av Norges Bondelag – *fornybar elproduksjon i landbruket* – vil kunne dekke trongen for vidare kompetanseoppbygging og rettleiingsinnsats mot fallrettseigarar i ein periode framover, samstundes som dette prosjektet vil arbeide med verdiskaping, prosessar og mulegheiter knytte til vindkraftproduksjon basert på bonden sine arealressursar.

20.10.11

TE